

Samnanger historielag

Årsmøte 24.02.05

Møtet vart halde i kommunestyresalen på Tysse og tok til kl. 19.00. Møtet var kunngjort i Samningen. 9 medlemer møtte. Leiaren Anna Holmefjord ynskte velkomen.

Sak 1: Opning

Val av møteleiar og to personar til å skriva under møteboka.

Vedtak: 1. Anna Holmefjord er vald til møteleiar.
2. Gerd Waage og Turid Tveit er valde til å skriva under møteboka.

Sak 2: Årsmelding for 2004

Skrivaren Ivar Bård Aadland delte ut årsmeldinga, refererte meldinga og gjorde merksam på ein feil som må rettast.

Vedtak: Årsmeldinga med retting vert godkjend slik ho no ligg føre.

Sak 3: Rekneskap for 2004

Kasserar Marita Haugen hadde ikkje høve til å vera til stades på årsmøtet. I hennar stad delte Ada L. Haugen ut den reviderte rekneskapen og kommenterte hovudtal. Rekneskapen viser eit underskot på kr 400,56. Viktigaste grunnen er at trykkinga av årbøkene både for 2003 og 2004 vart betalte i 2004.

Vedtak: Rekneskapen vert godkjend slik han ligg føre.

Sak 4: Pris på årbøker

Møteleiaren opplyste at styret ynskjer å setja opp prisen på årboka frå 90,- til 100,- kr. Møtelyden støtta framlegget.

Vedtak: Prisen på årboka vert kr 100,- frå og med 2005.

Sak 5: Val

Møteleiaren overlet til Solvor Aadland i valnemnda å styra valet. Valnemnda hadde framlegg på kandidatar til alle tillitsverva, men ikkje på leiar. Anna Holmefjord hadde sagt frå at ho ikkje tok attval. Nestleiar Helge Hisdal let seg overtala til å ta leiarvervet eit år igjen. Etter det vart alle val gjorde med akklamasjon.

a) Val av leiar

Vedtak: Helge Hisdal er vald til leiar (1 år)

b) Andre val

Vedtak: Styremedlemer:
Helge Hisdal (attval, 2 år)
Marita Haugen (attval, 2 år)
Ivar Bård Aadland (attval, 2 år)

Varamedlemer:

Tor Wold (attval, 1 år)
Karin Waage Knutsen (ny, 1 år)

Redaksjonsnemnd:

Magda Haugen (1 år)
Svein O. Aadland (1 år)
Nils Gåsdal (1 år)

Fondsnemnd (ny):

Tone Tysseland Holmefjord (2 år)
Bjarne Hauge (1 år)
Kirsten Dalane Kleivane er styret sin representant i nemnda.

Revisorar:

Johannes Tysseland og Knut N. Langeland (begge attval, 1 år)

Valnemnd:

Solvor Aadland, Øyvind Røen og Ada L. Haugen (alle attval, 1 år)


Sak 6: Fastsetjing av medlemspengar


Årsmøtet 2004 gjorde vedtak om at medlemspengane for 2005 skal vera som før kr 150,-.

Vedtak: Medlemspengane for 2005 er kr 150,-

Etter årsmøtet vart det tid til prat kring bordet over ein kopp kaffi/te med tebrød attåt. Solvor Aadland las eit utdrag frå Ådlandsboka til Svein O. Aadland.

Møtet slutt kl. 20.45


Ivar Bård Aadland
skrivar


.....
Gerd Waage


.....
Turid Tveit